

Fra: Lier, Haldis Johanne Økland[]  
Dato: 22.01.2016 14:38:00  
Til: Helse Vest, Postmottak  
Tittel: Høring - Forskrift om styringssystem i helse - og omsorgstjenesten

---

**Sakstittel: Høring - Forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstjenesten**  
**Saksnummer: 2015/3825**  
**Saksdato: 30.10.2015**

### **Høring - Forskrift om styringssystem i helse - og omsorgstjenesten**

Vi viser til brev dagsett 23.11.2015. Helse Fonna har hatt forskrift om styringssystem i helse og omsorgstjenesten på høring i egen organisasjon. Helse Fonna støttar i stor grad departementet sine forslag og grunnleggjeringar og er einig i dei vurderingar som er gjort.

Helse Fonna har følgjande innspel:

- Helse Fonna vil støtte forslaget om at forskrifta bør heite «Forskrift om kvalitets- og styringssystem i helse og omsorgstjenesten» for å understreke at forskrifta utdjuvar systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerhet.
- Helse Fonna meiner det er viktig at forskrifta understrekar behov for gode system og arbeid med kvalitet og pasientsikkerhet ved «overgangar» innafor verksemda, i samhandling med andre helse- og omsorgstjenester og andre etatar. Dette er område med kjent høg risiko (s 21 og 23).
- Det er og viktig at forskrifta understrekar det viktige arbeidet med å sikre implementering av retningsliner og prosedyrar. Dette synleggjer behovet for meir kunnskap om kva som understøttar god implementering. Helse Fonna deltek i ein tverregionale studie der ein studerer faktorar knytt til implementering av retningsline for psykosebehandling. Denne type kunnskap er etterspurt, og vil kunne hjelpe oss i arbeid med å sikre god implementering. I arbeidet med implementering er bruk av kvalitetsregistre i forbetningsarbeid viktig- slik det er nemnd på side 24. Dette utfordrar oss i å legge til rette for automatisk datafangst, meir smidige arbeidsprosessar med å registrere i registre og journaldokumentasjon og systematisk tilbakemelding til klinikken. Gode døme på slik tilrettelegging er diabetesregisteret for vaksne. Forenkling i registrering er vesentleg for å lukkast med arbeidet i å bruke kvalitetsregistra i kvalitetsforbetningsarbeid; samanlikne praksis med andre og opp mot faglege retningsliner.
- Når det gjeld sertifisering vil me oppfordre til at det er kunnskap om ein klar samanheng mellom kvalitet på tenestene og sertifisering som ligg til grunn for ei eventuell innføring. Helse Fonna deler den bekymring som også er skildra i høyringsnotatet knytt til stort tidsbruk og administrativ meirarbeid.

Vennleg helsing

Haldis Økland Lier,  
haldis.johanne.oekland.lier@helse-fonna.no  
05253

Helse Fonna HF  
Fag og føretaksutvikling